



REFERAT FRA MØTE I FAU BLOKKHAUGEN

Dato: 11.01.2023

Tidspkt: 18.00 – 19.30

Sted: Personalrommet på Blokkhaugen skole

Til stede: Lena Otterbu (avd.leiar 9.-10c+d, stedfortr. for rektor) – alle klassane er representerte.

Referent: Anne Marit Bødal.

Sak 13/22-23 Godkjenning av sakliste.

Ev: informasjon om hending 10/1 . Ungdommar frå ein annan skule kom opp på Blokkhaugen. Dei hadde oppført seg truande mot tilsette som viste dei bort frå området.

Skidag på Voss, 10. trinn: skulen arrangerer, FAU betalar transport, skitrekking og skiinstruktør. Val mellom skitrekking/alpint og langrenn/tur.

Lena sjekkar kva som er vanleg, kor mykje FAU pleier å bidra med.

FAU har kr. 45.000,- på konto per 11.1.2023.

Planlagde aktivitetar:

- Foreldreforedrag
- Skuleball
- Skidag

Sak 14/22-23 Informasjon-/drøftingssaker

a. Temperatur i klasserommene.

Bergen kommune har vedtatt at det skal vere maks. 20 grader i alle klasserom. På Blokkhaugen er det nokre klasserom som er veldig varme, mens i kuldeperioden nettopp var det veldig kaldt (feil med ventilasjonssystem vs. varmeomnar vs. skulebygget). Driftsleiar er på saka.

b. Mattetentamen 10. klasse.

Informasjon om gjennomføring er sendt frå lærarane og delt på fb-sidene til 10-klassane.

Lena informerer om matematikk-eksamen, som er veldig forskjellig frå tidlegare. Krever meir refleksjon og modenheit frå elevane, veldig opne oppgåver. Eksamen liknar på nasjonale prøver på den måten at ikkje alle kjem igjennom alle oppgåvene, måler alle nivå og inneheld derfor mange oppgåver.

c. Digitale vs. fysiske læreverker.

Mange fag har ikkje fysiske læreverker pga. nye læreplanar.

Foreldre har problem med å følge med og hjelpe elevar med leksene heime. Kanskje det er noko ein kan følge opp i utviklingssamtale f.eks.

Foreldremøte, vise foreldra korleis Google Classroom og diverse læreverker fungerer.

d. Tiltak for å øke trivsel i klassene.

FAU oppfordrar klassekontaktane til å setje i gang noko sosialt for elevar og ev. foreldre.

Overnattingstur, gå over vidda om natta har vore vanleg å gjere på 10. trinn (før pandemien). Lærarar og eventuelt nokre foreldre med.

e. Elev- og foreldreundersøkelse.

Det kjem meir informasjon om resultat frå elevundersøkinga når desse er klare.

Foreldreundersøkinga: Det er 58 foreldre som har svart, på heile skulen.

Foreldreundersøkinga blir sendt til den eine forelderen. Skulen vurderer å sende til begge foreldra neste gong, for å sikre at fleire svarar.

Sak 15/22-23 Arbeidssaker

a. Foreldreforedrag 22. februar-23 kl. 19.00

Arbeidsgruppa har laga utkast til plakat/innkalling. Invitasjon til foreldre, og gjerne også lærarar. Gratis inngang, Åsane kulturhus.

Invitasjon bør sendast ut i fleire kanalar: Facebooksidene til klassane, skulen sine heimesider, Vigilo til foreldre.

Påmelding via facebook-arrangement. Plass til 485 pers. i Kultursalen, Åsane kulturhus.
Oppfordre til påmelding slik at vi har ein peikepinn på kor mange som kjem.

Varigheit: ca. 1,5 time.

Program:

- Presentasjon av prosjektet «Stopp seksuell trakassering» ved Blokkhaugen skule (ca. 20 minutt) Vinkling: Kvifor er dette viktig?
- Foredrag ved psykologspesialistane Bente Austbø og Hanna Aardal.
- Aktivisere publikum undervegs/midtvegs med for eksempel mentimeter-spørsmål.

20 000 kr for foredraget. Kultursalen betalar vi ikkje leige for.

Vi sjekkar om kaffibaren kan vere open om kvelden. (Anne Marit)

b. Skoleball Blokkhaugen og Åstveit 31. mai-23.

Møte i komiteen for skuleballet etter FAU-møtet, kl. 19.30 onsdag 11. januar.

Fordele oppgåver.

Vi ønsker ikkje kåringar (jf. seksuell trakassering). Også «årets smil» osv. var eigentleg kode for «beste rumpe» e.l.

Sak 16/22-23 Saker til neste møte

a. Sommerfest for nye 8. klassinger med elever fra 9. trinn, mai/juni-23.

Utsett til neste møte.

b. Arrangere foredrag for ungdom om trening/kosthold el.?

Utsett til neste møte.

Sak 17/22-23 Eventuelt

-